



Foto: Raisfotot/Jesper Rais



Vest-Telemark
Fjordland • Kviteid • Nore og Uvdal • Seljord • Telemark • Vinje

Innovasjon
Norge
TELEMARK

Fritidsbustadundersøking

Kviteseid kommune 2023

Innhaldsliste

Oppsummering

1. Bakgrunn og respons

1.1 Bakgrunn

1.2 Introduksjon

2. Om respondentane

2.1 Respons

2.2 Demografi

3. Om fritidsbustaden

3.1. Fritidbustadområde

4. Bruk av fritidsbustaden

4.1. Kviteseid kommune heile året

4.2 Brukarar og bruksfrekvens

4.3 Bruk av fritidsbustaden i framtida

5. Utleige av fritidsbustaden

5.1. Utleige av fritidsbustaden

6. Stadlege kvalitetar og aktivitetstilbod

6.1. Medverkande årsaker for å eige fritidsbustad i Kviteseid kommune

6.2. Er det andre viktige grunnar til at du har fritidsbustad i Kviteseid kommune?

6.3. Motivasjon for å bruke fritidsbustaden

6.4. Aktivitetar og opplevelingar

6.5. Utnytting av aktivitetstilbod

7. Tilrettelegging i fritidbustadområde

7.1. Tilrettelegging for fritidsinnbyggjaren

7.2. Fritidsinnbyggjaren si oppleveling av lokalsamfunnet

7.2.1 Oppleveling av kommunen og innbyggjarane i vertskommunen

7.2.2 Bedriftene fritidsinnbyggjaren nyttar seg av

7.2.3 Informasjon om sikkerheit og vern av kultur, natur og dyreliv

7.2.4 Omfang av fritidsbustader.

8. Innkjøp i lokalsamfunnet

8.1 Innkjøp i samband med opphold i fritidsbustaden

9. Berekraft på reisemålet

9.1. Kviteseid kommune som berekraftig reisemål

9.2. Energisparing i fritidsbustaden

9.3. Transportmiddel til/frå fritidsbustaden

10. Den samla opplevinga av reisemålet

10.1. Den samla opplevinga av Kviteseid kommune som reisemål

Oppsummering

Rapporten gjev innsikt i fritidsbustadeigarar i **Kviteseid kommune** sine haldningar og meininger om Kviteseid kommune som reisemål. Her er dei viktigaste funna:

1.Deltaking og mangfald:

Rapporten inkluderer svar frå 12% av alle eigarar av fritidsbustader i Kviteseid kommune, basert på ei undersøking med 164 respondentar.

Det er ein god representasjon av både kjønn og aldersgruppe, med 55% menn og 44% kvinner. Dei fleste respondentane er i alderen 50-59 år (35,4%).

Fritidsbustadeigarane i Vrådal står for 96,3% av svara.

2.Bruk og sesong:

90,2% av respondentane seier dei brukar fritidsbustaden heile året, og påska er ei populær tid for bruk.

Områda i Kviteseid kommune er godt tilrettelagde for sommar- og vinteraktivitetar.

3.Framtidig bruk:

75,6% av respondentane forventar å bruke fritidsbustaden på same måte i framtida, medan 20,7% planlegg å bruke den meir.

3,7% forventar å bruke den mindre, med hovudårsakar som auka straumprisar (100%) og generelt aukande kostnader (33,3%).

4.Årsaker til å eige:

Hovudgrunnen til å eige fritidsbustad i Kviteseid kommune er å vere i naturen (87-95% av respondentane). Andre viktige faktorar inkluderer passande avstand frå heimen (89%) og eit godt aktivitetstilbod (73%).

Over 80% meiner skianlegget er ei svært eller ganske relevant årsak til å eige ein fritidsbustad i Kviteseid kommune.

5.Aktivitetar og tilrettelegging:

Aktivitetar som alpint (71%) og langrenn (68%) er meir populære enn toppturar (42%).

87% føretrekker å gå på tur på eiga hand.

69% meiner det er svært viktig å vere i naturen.

Mange er nøgde med tilrettelegging for avfallshandtering, breiband, og mobildekning, men andre aspekt som informasjonstavler og turstiar får meir varierte svar.

6.Haldningar til fritidsbustader og berekraft:

15,9% meiner det er for mange fritidsbustader i Kviteseid kommune, medan 54,0% meiner det bør vere strengare krav til bygging i fjellområda.

Majoriteten meiner at Kviteseid kommune framstår som eit berekraftig reisemål som tek vare på natur, kulturarv, og lokalbefolking (72,8%).

Interessa for å gjere energisparande tiltak er stor (71,8%), med bruk av LED-pærer og redusert innetemperatur som dei mest populære tiltaka.

42,1% brukar elektrisk bil, men kollektivtransport er lite brukt på grunn av manglende tilgjenge (67,3%).

7.Oppleving av reisemålet:

Mange er nøgde med opplevinga av Kviteseid kommune som reisemål. 93,9% gjev reisemålet poeng mellom 7-10, på ein skala frå 0 til 10? (Der 0 er svært misnøgd og 10 er svært nøgd.).

1. Bakgrunn og respons



Foto: Raisfoto / Jesper Rais

1.1 Bakgrunn

Denne rapporten viser resultata frå ei spørjeundersøking utført blant eigarar av fritidsbustader i Kviteseid kommune.

Kviteseid kommunen er den tredje største kommunen når det kjem til innbyggjartal, og minst i areal av dei seks kommunane som utgjer regionen Vest-Telemark, i Vestfold og Telemark fylke.

Totalt har over 164 fritidsbustadeigarar frå Kviteseid kommune svara på dei 39 spørsmåla i undersøkinga. Tal frå SSB viser at det er 1306 fritidsbustader i Kviteseid kommune¹. Det vil seie at omlag 12% av fritidsinnbyggjarane i kommunen har svara på undersøkinga.

Kviteseid kommune er den kommunen i Vest-Telemark med færrest tal fritidsbustader. 9% av alle fritidsbustader i Vest-Telemark ligg i Kviteseid kommune.²

Undersøkinga blei distribuert på fleire ulike vis. Kommunen var hjelsam med oversikt over utbyggjarar, grunneigarar og hyttevel. Kontaktpersonane har vore med å dele undersøkinga via nyheits- og informasjonsbrev. Facebook-grupper retta mot fritidsinnbyggjarar i ulike fritidsbustadområde blei også i stor grad nytta.

Undersøkinga blei i hovudsak utført i perioden februar-april 2023, og den er utført i samband med at kommunane i Vest-Telemark arbeider med å kvalifisera seg til merkeordninga «Berekraftig reisemål» for fyrste gong. Merkeordninga er utvikla av Innovasjon Norge og er eit

verktøy for reisemål som ønsker å arbeide systematisk og langsiktig med berekraft i reiselivet.

I Vest-Telemark er det Vest-Telemarkrådet som er prosjekteigar av prosjektet *Merket for Berekraftig reisemål*. Visit Telemark er prosjektansvarleg.

Det er eit krav i merkeordninga om å utføre gjesteundersøking kvart 3. år. På den måten kan ein sjå på utviklinga over tid. Spørsmåla vil følgjeleg vere dei same frå gong til gong, men justeringar må reknast med. Nokre spørsmål er obligatoriske for å kunne svara på indikatorar i merkeordninga. Den totale innsikta som undersøkinga gjev oss er viktig for vidare utvikling av reiselivet i Kviteseid kommune og i Vest-Telemark.

Fritidsinnbyggjarar blir rekna som *gjester* slik som andre turistar. Sidan fritidsinnbyggjaren har ein annan type bruk av vertskommunen enn ein vanleg turist, har me valt å lage to forskjellige undersøkingar: Gjesteundersøking (for turistar som ikkje eig eigen fritidsbustad i Vest-Telemark) og Fritidsbustadundersøking (for eigarar av fritidsbustad i Vest-Telemark).


Me vil rette ein stor takk til alle fritidsinnbyggjarane som har teke seg tid til å svare på undersøkinga.

1.2 Introduksjon

Turismen knytt til fritidsbustader er aukande i Kviteseid kommune.

Kommunen har omkring 1306 fritidsbustader. Kviteseid kommune er ein av kommunane i Vest-Telemark som har auka mest i tal fritidsbustader dei siste ti åra. Størst vekst har det vore i Vinje kommune med 34% auke. Kviteseid kjem etter med 31% i endring av tal fritidsbustader frå 2012-2023 (sjå tabell 1).³

Kommunane i Vest-Telemark er forskjellige i forhold til turisme knytt til fritidsbustader. Dette er ein rapport for *Kviteseid kommune*, kor meir enn 96% av respondentane eig fritidsbustad i Vrådal.



Figur 1: Tal fritidsbustader på tal innbyggjarar pr. kommune (SSB)

	Innbyggjarar	Fritidsbustader		Endring i tal fritidsbustader frå 2012 til 2023	Fritidsbustader pr. innbyggjar
	2023	2012	2023		
Seljord	2961	1461	1457	-0,27 %	0,49
Kviteseid	2446	994	1306	31 %	0,53
Nissedal	1459	2117	2588	22 %	1,77
Fyresdal	1234	1327	1409	6 %	1,14
Tokke	2201	1288	1383	7 %	0,63
Vinje	3858	4343	5824	34 %	1,51
Sum	14159	11530	13967	21 %	0,98

Tabell 1: Utvikling i tal feriebustader pr. kommune i perioden 2012-2023 (SSB)

³ Frå Reiselivsstrategi for Vest-Telemark 2023 -2033 kap. 4.4
Hytteturisme



2. Om respondentane



Foto: Håkon Nordby

2.1 Respons

Totalt 164 personar opna og fullførte undersøkinga. Av totalt 1306 fritidsbustader i Kviteseid kommune utgjer del svar omlag 12,5% av alle eigarar av fritidsbustad i kommunen.

Med utgangspunkt i eit konfidensintervall⁴ på 95% får me ein feilmargin på 7%. Feilmarginen beskriv i kva grad me kan forvente at svara i undersøkinga speglar heile populasjonen. Til dømes betyr det at om 60% har svart ja på eit spørsmål kan me med 95% sikkerheit gå ut frå at mellom 52% og 67% av den generelle populasjonen meiner at svaret er ja.



⁴Les meir om konfidensintervall her:

<https://no.surveymonkey.com/mp/margin-of-error-calculator/>

2.2 Demografi

Svara viser at det er ei god fordeling mellom kjønna og mellom aldersgruppene. Det er eit godt mangfold av respondentar:

Kjønn:


- 55% av respondentane er menn
- 44% er kvinner

Alder:


- Dei fleste respondentane er i aldersgruppa 50-59 år. Dei utgjer ein del på 35,4%
- 27,4% er i aldersgruppa 40-49 år
- 18,3% er i aldersgruppa 60-69 år

Bustad:

- 25,0% av respondentane er frå tidlegare Telemark fylke
- 21,6% er frå tidlegare Vestfold fylke
- 16,2% er frå tidlegare Buskerud fylke
- 14,9% er frå tidlegare Akershus fylke
- 12,2% er frå Agder fylke
- 3,4% er frå Oslo fylke
- 2,7% er frå tidlegare Østfold fylke
- 1,4% er frå Rogaland fylke
- 1,4% er frå Vestland fylke



Figur 2: Kva fylke bur du i? (N = 148)



Figur 3: Kva er din alder? (N = 164)

3. Om fritidsbustaden



Foto: RaisFoto/ Jesper Rais

3.1. Fritidbustadområde

Undersøkinga er lagt opp slik at det berre er dei som eig fritidbustad i ein av kommunane i Vest-Telemark som har høve til å svare.

Omkring 8% av alle svara som blei henta inn i Vest-Telemark kjem frå Kviteseid kommune. Mesteparten av respondentane eig fritidbustad i Vrådal. Kommunen sin administrasjon var hjelpsame med kontaktinformasjon til utbyggjarar og grunneigarar, men flest svar blei henta inn ved hjelp av Facebook-grupper knytt til hyttevel og hytteområde. I Kviteseid kommune er Vrådal det området med størst tal og tettleik av fritidbustader.

160 respondentar (96,3%) eig fritidbustad i Vrådal.


Nokre andre enkelttilfelle av respondentar svarar at dei eig fritidbustad i:

Kilen

Fjågesund

Vråljosvegen

Kviteseid




Figur 4: Kvar i Kviteseid kommune har du fritidbustad har du?
(N = 164)

4. Bruk av fritidsbustaden



Foto: RaisFoto / Jesper Rais

4.1. Kviteseid kommune heile året




På spørsmål om kva tider/periodar av året fritidsbustaden blir brukt, svarer 90,2% at dei bruker fritidsbustaden heile året.

Kviteseid kommune har noko å tilbyde fritidsinnbyggjaren til alle årstider. Svara viser at det er lagt vekt på bruk av fritidsbustaden i alle periodar av året. Påska og sommaren frå juni til august har høgast svarprosent med høvesvis 12,2% og 11,6%.

Figur 5: Kva for tider/periodar i året bruker du fritidsbustaden din? (N=164)

4.2 Brukarar og bruksfrekvens




Figur 6: Kor mange personar nyttar fritidsbustaden når den er i bruk? (Tal barn og tal vaksne) (N=164)

I samsvar med at fritidsbustaden blir brukt heile året, svarer 54,3% at fritidsbustaden blir brukt meir enn 50 dagar i året.

Fritidsbustaden blir stort sett brukt av vaksne. 48,8% svarer at dei som oftast er 2 vaksne i fritidsbustaden, medan 23,8% svarer at dei er 4 vaksne.

Det er 19,2% som har med seg eit barn, 40,0% som har med 2 barn, og 24,6% som ikkje har med seg barn.



Figur 7: Kor mange døgn i året trur du at fritidsbustaden er i bruk? (N= 164)


4.3 Bruk av fritidsbustaden i framtida

Auka kostnadar ser ikkje ut til å påverke den framtidige bruken av fritidsbustaden i Kviteseid kommune. Over 75,6% svarer at dei ser føre seg same bruk av fritidsbustaden som i dag, medan 20,7% ser føre seg ein auka bruk av fritidsbustaden i tida framover.

6 personar svara at dei ser føre seg mindre bruk av fritidsbustaden i framtida. Dette utgjer 3,7% av alle som svara på spørsmålet.



Foto: RaisFoto/ Jesper Rais




Figur 8: Korleis ser du føre deg at bruken av fritidsbustaden din blir i framtida? (N =164)


4.3 Bruk av fritidsbustaden i framtida

Hovudårsaka til auka bruk av fritidsbustaden er at fleire blir pensjonistar og har betre tid til å opphalde seg der. 57,6% oppgjev pensjonisttilvære som årsak til auka bruk. Nærmore 42,4% har ein fleksibel arbeidssituasjon som legg til rette for heimekontor og bidreg til fleire og lengre opphold i fritidsbustaden. 21,2% har så god standard på fritidsbustaden sin at det bidreg til auka bruk.

100% av fritidsinnbyggjarane som ser føre seg *mindre* bruk av fritidsbustaden i framtida, oppgjev at auka straumprisar er årsak til mindre bruk. 33,3% oppgjev at grunnen er auka kostnader generelt. 16,7% meiner at årsaka til mindre bruk av fritidsbustaden er eit for dårlig aktivitetstilbodet i området.



Figur 9: Kva er grunnen til at du ser for deg auka bruk av fritidsbustaden i framtida? (N = 33) (Fleirval)



Figur 10: Kva er grunnen til at du ser for deg mindre bruk av fritidsbustaden i framtida? (N = 6) (Fleirval)



5. Utleige av fritidsbustaden




Foto: Rais Foto/Jesper Rais

5.1. Utleige av fritidsbustaden


Det er mange formidlingsbyrå kor eigarar av fritidsbustader kan leige ut fritidsbustaden sin. Nokon av dei store, kommersielle er Booking.com, AirBnB, Novasol og Finn.no. Det finst også lokale utleigefirma. I Kviteeid kommune er Vrådal Booking eit godt døme på det.

I Kviteeid kommune og Vrådal er det 18 av dei 163 som svara på spørsmålet som leiger ut fritidsbustaden sin heile eller delar av året.


Av 143 svar kan 46 respondentar tenkje seg å leige ut om inntekta er mellom kr. 10 000,- og 200 000,- i året. 91 respondentar (63,6%) kan ikkje tenke seg å leige ut uavhengig av inntekt.



Figur 11 Leiger du ut fritidsbustaden din? (N=163)



Figur 12 Kan du tenke deg å leige ut fritidsbustaden din dersom du får ei leigeinntekt på: (N=143)



Figur 13 På kva måte leiger du ut fritidsbustaden din? (N=18)

6. Stadlege kvalitetar og aktivitetstilbod



Foto: Jesper Rais/Rais Foto


6.1. Medverkande årsaker for å eige fritidsbustad i Kviteseid kommune

Det er naturen og turområda i Kviteseid kommune, sommar og vinter, som er viktigaste grunn for å eige fritidsbustad i kommunen. Det oppgjev 87-95% av dei som har svara på undersøkinga. Andre viktige årsaker er at det er passe avstand heimanfrå (89%) og eit godt aktivitetstilbod (73%).

Over 80% meiner at skianlegget er ei svært eller ganske relevant årsak for å eige fritidsbustad i Kviteseid kommune.

42% meiner at kulturtilbodet i Kviteseid kommune er ei svært eller ganske relevant årsak for å eige fritidsbustad i Kviteseid kommune.

Å ha slekt/røter i regionen, eller å ha arva fritidsbustad, er mindre relevante årsaker for å eige fritidsbustad i Kviteseid kommune. Mellom 63-78% svarar at slekt/røter og overteke/arva er ein svært *lite* relevante grunn til å eige fritidsbustad i Kviteseid kommune.



Figur 14 Kor relevant er følgjande faktorar for at du/de har fritidsbustaden i Kviteseid kommune? 5 = Svært relevant, 1 = Svært lite relevant (N=164)

6.2. Er det andre viktige grunnar til at du har fritidsbustad i Kviteseid kommune?

«Stille og rolig sted hvor det er like bra og være hele året.»

«Har leid i Vrådal når barna var små. 30-35 år siden. Fikk et forhold til Vrådal den gangen. Hadde 5 barn.»

«Utsikten fra hytta til området/naturen.»

«Fjell- og vannaktiviteter mulig på samme sted. Mulig å gå av stien hvor som helst.»

«Klima. Er klimaflyktning fra Vestlandet.»

«Familien har hatt hytte i kommunen siden 1918.»

«Båt, padle og bademuligheter i Nisser.»

«Allsidig sted, fint alle årstider. Ikke så mye folk som andre steder.»

«Vrådal har både sommer og vinterforhold -alt fra strender og varme til Ski og stabil vinter. Få andre kommuner har både i pose og sekk her.»

«Du får mye for pengene når du kjøper hytte i Vrådal.»

«Jeg hadde sterk tilknytning til hotellet over mange år (i hovedsak jobbmessig).»

«Golfbane og veldig fine folk som bor der.»



Foto: Visit Telemark

Butikk Helårssted Familie Året Skisenteret
Vinter Område Helårs
Hytta Natur
Vann Sted Flott Båt
Sommeren Pengene Hytte Barn
Sommer Vrådal
Hotellet Området Helårstilbud Årstider Klima Nisser


Figur 15: Er det andre viktige grunnar til at du har fritidsbustad i Kviteseid kommune? (N = 57)

6.2 Motivasjon for å bruke fritidsbustaden

Av dei 163 svara på spørsmål om kva som er viktige årsaker til at fritidsbustaden blir brukt, svarer 93% at hovudårsaka er det å vere saman med familie og vener. Av dei meiner heile 63% at det er *svært viktig* å vere saman med familie og vener.

Det er nesten like viktig å vere aktiv i naturen på sommaren, nyte å roa og å vere aktiv i naturen på vinteren, oppgjev 85-90% av respondentane.

56% svarer at organiserte aktivitetar er ei ganske eller svært lite viktig årsak til at fritidsbustaden blir brukt. Det å oppleve kulturen i Kviteseid kommune gjennom lokalmatopplevingar og museumsbesøk meiner 47% er ei ganske eller svært viktig årsak.



Figur 16: Kor viktig er følgjande årsaker for at du bruker fritidsbustaden? 5 = Svært viktig, 1 = Svært lite viktig (N=163) (Fleirval)

6.3 Aktivitetar og opplevingar


Det viktigaste for fritidsbustadeigaren i Kviteseid kommune er å vere i naturen. 69% meiner det er ein *svært* viktig aktivitet. 28% meiner det er *ganske* viktig.

Alpint (71%) og langrenn (68%) om vinteren er meir populært enn topptur/fjellski (42%).

Nærare 87% svarer at det å gå på tur på eiga hand er ein viktig aktivitet, medan over 62% meiner at det å skulle gå med guide er *ganske eller svært lite* viktig.




Foto: Håkon Nordby



Figur 17: Kor viktig er følgjande aktivitetar for deg når du er i Kviteseid kommune?
5 = Svært viktig, 1 = Svært lite viktig (N=164)



Foto: Jesper Rais/ RaisFoto



Figur 18: Kva skal til for at du bruker fleire aktivitetstilbod i Kviteseid kommune (N = 155)

6.3 Aktivitetar og opplevingar

På spørsmål om kva som skal til for at fleire aktivitetstilbod blir nytta i Kviteseid kommune, svarer 59,4% at betre informasjon er ein viktig faktor. 53,5% meiner at tilboda kunne vore betre.

20,0% Svarer at opningstidene skulle ha vore betre og 15,5% vil ha enklare transport.

9% svarer «Anna» men har ikkje kommentert ytterlegare.




7. Tilrettelegging i fritidsbustadområde



Foto: Jesper Rais/RaisFoto

7.1. Tilrettelegging for fritidsinnbyggjaren



Figur 19: Kor nøgd er du med tilrettelegginga for deg som eigar av fritidsbustad i Kviteseid kommune? 5 = Svært nøgd, 1 = Svært misnøgd, 6 = veit ikkje/ikke relevant (N = 164)

På spørsmål om kor nøgd fritidsinnbyggjaren er med tilrettelegginga av tilbod og tenester knytt til fritidsbustaden svarer:


- 83% at dei er ganske/svært nøgd med avstand til avfallsorteringspunkt.
- 81% er ganske/svært nøgd med breiband og mobildekninga.
- 80% er ganske/svært nøgd med informasjon om korleis avfall skal handterast.
- 77-78% er ganske/svært nøgd med høve for kjeldesortering i fritidsbustaden og opningstider på miljøstasjonen.
- 73% er ganske/svært nøgd med informasjonstavler og tilrettelegging av turstiar.
- 68% er ganske/svært nøgd med parkeringstilbod,
- 65% er ganske/svært nøgd med lokalmattilbod.

På dei resterande spørsmåla svarer fleire enn 55% at dei er nøytrale eller at dei ikkje ser på spørsmåla som relevante i sitt tilfelle.

7.2. Fritidsinnbyggjaren si oppleving av lokalsamfunnet

På spørsmål om kor einig eller ueinig respondenten er til påstandar knytt til fritidsinnbyggjaren si oppleving av lokalsamfunnet, kan spørsmåla delast inn i fire forskjellige tema. Kvart tema blir omtala i meir detalj på dei komande sidene:


- 7.2.1 Oppleving av kommunen og innbyggjarane i vertskommunen.
- 7.2.2 Bedriftene fritidsinnbyggjaren bruker/besøker.
- 7.2.3 Informasjon om sikkerheit og vern av kultur og natur
- 7.2.4 Omfang av fritidsbustader.




Figur 20: Kor einig eller ueinig er du i følgjande påstandar? 5 = Svært einig, 1 = Svært ueinig (N = 164)

7.2.1 Opplevinga av kommunen og innbyggjarane i vertskommunen


- 48,8% er svært eller ganske einige i at kommunen er oppteken av å leggje til rette for fritidsinnbyggjarane. 10,9% er ganske eller svært ueinige.
- 77,4% er svært eller ganske einige i at lokalbefolkinga er positive til fritidsinnbyggjarane. 1,0% er ganske eller svært ueinige i det.




Figur 21: Eg opplever at kommunen er oppteken av å leggja til rette for oss fritidsinnbyggjarar.
(N=164)




Figur 22: Eg opplever at befolkninga i Kviteseid kommune er positive til oss fritidsinnbyggjarar
(N =164)



Figur 23: Eg opplever at dei som arbeider i servicebedrifter i Kviteseid er serviceinnstilte, imøtekomande og har god lokal kunnskap. (N=164)



Figur 24: Det er viktig for meg at bedriftene eg besøker er miljøsertifiserte (N=164)



Figur 25: Det er viktig for meg at bedriftene eg besøker viser miljøansvar (N=164)

7.2.2 Bedriftene fritidsinnbyggjaren nyttar seg av


- 86,8% er svært eller ganske einige i at dei som arbeider i servicebedrifter i Kviteseid kommune er serviceinnstilte.
- 30,7% er svært eller ganske einige i at der viktig at bedrifter dei nyttar er miljøsertifiserte.
- 62,9% er svært eller ganske einige i at det er viktig at bedriftene viser miljøansvar.

7.2.3 Informasjon om sikkerheit og vern av kultur og natur

- 34,1% er svært eller ganske einige i at dei får god informasjon for å medverke til sikkerheit og omsyn til vern av natur og kultur.
- 36,0% svarer at dei er verken einige eller ueinige i at dei får god informasjon for å medverke til sikkerheit og omsyn til vern av natur og kultur.
- 25,0% er ganske eller svært ueinige.




Foto: Yngve Ask




Figur 26: Eg får god informasjon om kva omsyn me som eigarar av fritidsbustad må ta for å medverke til sikkerheit og vern av natur og kultur. (N=164)

7.2.4 Omfang av fritidsbustader

- 47,0% er nøytrale til om det er for mange fritidsbustader i Kviteseid kommune. 15,9% er svært eller ganske einig i at det er for mange fritidsbustader i kommunen.
- 27,0% er nøytrale til at det bør stillast strengare krav til bygging av fritidsbustader i fjellområda. 54,0% er svært eller ganske einige i at det bør stillast strengare krav.



Figur 27: Eg tykjer det er for mange fritidsbustader i Kviteseid kommune (N=164)



Figur 28: Det bør stillast strengare krev til bygging av fritidsbustader i fjellområda (N = 163)



8. Innkjøp i lokalsamfunnet



Foto: Jesper Rais/RaisFoto:


8.1 Innkjøp i samband med opphold i fritidsbustaden

Kvar blir daglegvarer kjøpt på veg til fritidsbustaden?


Ved lengre opphold svarer 68% at dei handlar i lokalområdet der fritidsbustaden ligg.

Ved helgeopphold svarer:

- 38% at dei handlar undervegs i annan kommune enn der fritidsbustaden ligg
- 30% at dei handlar i lokalområdet der fritidsbustaden ligg
- 25% at dei handlar heime før dei reiser



Figur 29: Ved lengre opphold (N =163)




Figur 30: Ved helgeopphold (N = 164)



9. Berekraft på reisemålet



Foto: Jesper Rais/RaisFoto:



Figur 31: I kva grad er du einig i utsegna: Kviteseid kommune framstår som eit berekraftig reisemål som tek vare på natur, kulturarv og lokalbefolkning (N = 162)

9.1. Kviteseid kommune som berekraftig reisemål

I kva grad er du einig eller ueinig i utsegna: Kviteseid kommune framstår som eit berekraftig reisemål som tek vare på natur, kulturarv og lokalbefolkning?


- 72,4% svarer at dei er svært eller litt einig i utsegna.
- 23,3% er nøytrale til utsegna.
- 4,3% er litt eller svært ueinige i utsegna.

9.2. Energisparing i fritidsbustaden


71,8% av fritidsinnbyggjarane er interessert å gjøre energisparande tiltak.

Dei mest brukte tiltaka for å redusere energibruken i fritidsbustaden er:

- Bruk av sparepærer/LED-pærer (84,6%)
- Reduksjon av innetemperaturen (72,8%)
- Bruk av smarte løysingar og installasjon av sparedusj og el-billardar er det 37-39% som har fått på plass.



Figur 32: Er du interessert i å gjøre energisparande tiltak og/eller andre miljøtiltak
(N = 163)



Figur 33: Kva for energisparande tiltak er gjort i fritidsbustaden din? (N = 162)


9.3. Transportmiddel til/frå fritidsbustaden

Spørsmålet om kva transportmiddel som blir bruka for å reise til fritidsbustaden var eit fleirvalspørsmål. Dermed svarer over 100% at dei bruker privatbil. 70,1% bruker bil som er hybrid eller går på bensin eller diesel. 42,1% bruker elektrisk bil.


67,3% kan ikkje sjå at det er mogleg å koma seg til fritidsbustaden i Kviteseid kommune med kollektivtransport.

20,4% svarer at dei i større grad vil nytte kollektivtransport om det finnast transportløysingar som gjer at ein kjem frå hytta og til butikken eller andre stader ein treng/ønskjer.

17,3% trur dei i større grad vil nytte kollektivtransport om det fanst løysingar som gjer at ein enkelt kjem frå buss-/togstasjon og heilt fram til hytta.



Figur 34: Kva hovudtransportmiddel nyttar du når du reiser til fritidsbustaden din?-(N=164)



Figur 35: Kva skal til for at du i større grad nyttar kollektivtransport når du reiser til fritidsbustaden din?-(N=162)



10. Den samla opplevelinga av reisemålet




Foto: Jesper Rais/RaisFoto:

10.1. Den samla opplevinga av Kviteseid kommune som reisemål

Dette er eit av to obligatoriske spørsmål i merkeordninga *Berekraftig reisemål*:

I kva grad er du einig i utsegna: Kviteseid kommune kjendest overfylt fordi det er for mange turistar der?

- 48% er svært ueinige i utsegna
- 35% er ganske ueinige i utsegna
- 1% er svært einige i utsegna
- 2% er ganske einige i utsegna




Figur 36: I kva grad er du einig i utsegna: Kviteseid kommune kjendest overfylt fordi det er for mange turistar der. (N=164)

10.1. Den samla oppleving av Kviteseid kommune som reisemål

Dette er det andre av dei to obligatoriske spørsmåla i merkeordninga *Berekraftig reisemål*.

På ein skala frå 0 til 10, kor nøgd eller misnøgd er du med den samla oppleving av Kviteseid kommune? Her er 42,7% nøgde og har gitt ei vurdering mellom 9-10, 51,2% er meir nøytrale og har gitt ei vurdering mellom 7-8, medan 6,1% er mindre nøgde og har gitt ei vurdering frå 0-6.



Figur 37: Kor nøgd eller misnøgd er du med den samla opplevinga av Kviteseid kommune som reisemål, på ein skala frå 0 til 10? (Der 0 er svært misnøgd og 10 er svært nøgd.). (N=164)